

Medlemmar i Samarbeidsutvalet

*Ikkje publiser  
IP*

Dykkar ref.

Vår ref.  
20/16260-11Dato:  
22.10.2022**Referat frå møte i Samarbeidsutvalet 18.10. 2022**

<b>Møte nr.</b>	1
<b>Møtedato/tid:</b>	18.10.2022 klokka 20.00
<b>Stad:</b>	Sund ungdomsskule, stort møterom loftet
<b>Til stades:</b>	Jimmy Håkonsund, leiar FAU Gro Spilde, nestleiar FAU Jørgen Kausland, politisk representant Alva Betine Kilvik, leiar elevrådet Rigmor Bråten, tillitsvalt, representant for lærarane Gro Hege Eidesund, verneombod, representant for andre tilsette Anne Hufthammer, rektor  <b>Møtte ikkje:</b> Arthidhaya (Benå) Supanayachotskul, styremedlem elevrådet

**Saksliste**

<b>Sak nr.</b>	<b>Tema</b>
1/22-23	Godkjenning av innkalling og saksliste Innkallinga og sakslista blei godkjent
2/22-23	Val: Jimmy Håkonsund valt til leiar, Anne Hufthammer valt til skrivar
3/22-23	<b>Informasjon frå elevrådsleiar:</b> Elevrådsleiar, Alva Betine Kilvik, informerte om saker elevrådet jobbar med. Elevrådet består av to representantar frå kvar klasse, ein tillitsvalt og ein vara.  Det er blitt danna eit styre i elevrådet i år. Dette styret består av leiar, nestleiar, kasserar, skrivar, medieansvarleg og to styremedlemmar.  Elevrådet har blitt medlem av Elevorganisasjonen gjennom ei avstemming i alle klassane. Det blei 80 % oppslutning om å melda seg inn i denne organisasjonen, og det gjer det mogeleg å søkja om støtte til ulike ting.

	<p>Elevrådet ønsker seg bedre uteplass med sitjeplassar, nye sitjegrupper i steinhallen, ballbinge og støtte til skuleball og premiar til kahootar i friminutta. Elevrådet ønsker å ha ein kahoot i månaden der det er premie til den beste.</p> <p>Alva uttrykkjer også bekymring for helsesjukepleiarsituasjonen på skulen, der helsesjukepleiar berre er til stades nokre få dagar og der oppgåvene stort sett er vaksinerings og startsamtale med åttande klasse. Elevane saknar eit drop in- tilbod. Alva er med i ungdommens kommunestyre og der tar dei også denne saka vidare.</p>
4/22-23	<p><b>Informasjon frå rektor:</b></p> <p>Oppstarten i år var fin med oppstartsveke med overnatting på skulen for alle trinna. Det er bestemt politisk at det skal vera ei overnatting/samarstilling av 8. trinn, og då valde me å vera borte på Hald stadion ein dag med dei samt overnatting på skulen. Årsaka til at det blei skulen og ikkje ein annan stad er at me tenkjer dette vil gjera dei betre kjent med skulen og gje dei meir tryggleik når dei har skulen for seg sjølv ein kveld og ei natt. Niande og tiande fekk også overnatting samt at niande hadde aktivitetsdag på skulen medan tiande hadde aktivitetsløype frå Spildepollen til Sjøsportsenteret. Dette fortel elevrådsleiaren gjorde noko positivt med samhaldet i klassane.</p> <p>Vidare har me merka at det er ein ekstra klasse med elevar. Det har vore ein del episodar i friminutta, og det er mykje støy og uro. Det er viktig for oss at tiande klasse blir gode rollemodellar for dei yngre elevane, men det har ikkje vore slik heile vegen og det gjer til at det er ein del å ta fatt i. Me trur at dersom det hadde vore fleire aktivitetar for elevane i friminutta, ville mykje vore unngått. Difor ønsker me oss utstyr, både inne og ute, men også at elevane våre tar meir ansvar og opnar rom til aktivitetar for andre. Det blei diskutert på FAU om korleis ein skal skaffa midlar og me håper at FAU tar denne ballen vidare.</p> <p>Helsesjukepleiarsituasjonen er framleis ikkje god nok. 30 % helsesjukepleiar har me på skulen no, men det skal aukast til 40 %. Ekstra helsesjukepleiar er sjukemeldt. Uro for helsesjukepleiarsituasjonen har rektor meldt inn til både kommunalsjef for oppvekst, assisterande kommunalsjef og einingsleiar for barne, unge og familietenester, og det blir jobba med saka. Me har skulelege ein dag annakvar veke.</p> <p>Straumtiltak i kommunen. Det er satt ei maksimumsgrense på 20 grader på skulane og barnehagane i kommunen, så det er viktig at elevane kler seg varmt og godt. Det same gjeld for dei tilsette.</p> <p>Det blir ikkje prosjektveke i år grunna at det er vanskeleg med to prosjektveker på eit budsjett og det har vore for travelt med mange nye tilsette til å få det til. Me ønsker å koma inn i sporet med prosjektveke om hausten, så neste prosjektveke blir hausten 2023. Me vil prøva å kompensera med å gjera mange kjekke ting med elevane, men me skjønner at spesielt tiande trinn er lei seg for det. Kanskje elevrådet har forslag til kva me kan gjera i staden?</p> <p>For å skilja pengane til elevrådet ut frå økonomien til skulen, har me valt å setja over elevrådet sine pengar på kontoen til FAU. Det betyr at elevrådet må skriva ein kortfatta søknad for å få ut pengar dersom dei ønsker å bruka nokre av desse. I tillegg har me fått oss Vipps så det er veldig viktig at alle arrangement som elevrådet har og der dei brukar Vipps, blir merka med</p>

	elevråd eller arrangementsnamnet. På den måten kan me skilja ut pengane slik at elevrådet sine kan bli overført til FAU-kontoen.
5/22-23	<p><b>Informasjon frå FAU:</b></p> <p>Det har ikkje skjedd så mykje å fortelja frå FAU. Fire møter som er planlagt det det første er 16. november. Det hadde vore fint med liste frå elevrådet med ønskjer om konkrete ting FAU kan jobba med til dette møtet.</p>
6/22-23	<p><b>Budsjett og ressursar 2022 – 2023:</b></p> <p>Økonomisk har det vore eit overforbruk. Dette har ulike årsaker. Det er fleire elevar som treng mykje tilrettelegging og kjøp av tenester. I tillegg har elevauke ført til innkjøp av diverse utstyr som pultar og stolar, fleire lisensar og også fleire tilsette. Dette overforbruket i første del av budsjettåret har ført til at me må ta ned ressursar og spare no i haust. Etter jul vil me også prøva å halda litt igjen slik at me ikkje hamnar i ein situasjon med nytt overforbruk neste år.</p> <p>Det er blitt meldt inn ønske om to nye arbeidsstasjonar på kjøkkenet sidan elevtalet aukar og det er for få stasjonar slik det er no. I tillegg har me meldt inn at det blir fem nye klassar på nye åttande trinn til neste år, og då har me ikkje klasserom me kan nytta til den femte klassen. Me har fått til svar at arbeidsstasjonane skal dei ta med i diskusjonen om nytt budsjett, men at klasseromssituasjonen må me finna ei løysing på. Med fleire klassar må me også ha fleire tilsette, og det er trongt om plassen for dei også. Gymsalen vår bør også rustast opp, spesielt med tanke på at det kjem fleire klassar og me difor må bruka vår eigen sal meir. Det blir ei synfaring her 7. november om romsituasjonen der kommunalsjef for oppvekst og assisterande kommunalsjef kjem samt representant for drift.</p>
7/22-23	<p><b>Eventuelt:</b></p> <p><b>Utanomhusplan:</b> Denne planen har det vore snakka om i FAU og SU lenge, men det har ikkje blitt gjort noko konkret. Me treng å få ein plan for å løfta fram nokre kostnader, og til det treng me hjelp. Det kom inn forslag om at ein kanskje burde kontakta nokon som er gode på slike planar.</p> <p><b>Trafikksituasjonen med farleg skuleveg:</b> Trafikksikring av vegen ligg inne på lista til fylket. Dette er eit prioritert prosjekt. Ein bør kopla saman dette med det at området vårt er eit lokalsenter i den nye samfunnsdelen til kommuneplanen. Ein kan sjå for seg eit rekreasjonsområde med ulike leikeapparat som ein kan nytta for å skapa meir liv her, både i skuletida og fritida.</p> <p><b>Elevrådskonto:</b> FAU ønskjer at det blir oppretta ein eigen elevrådskonto under FAU slik at me kan skilja dei to kontoane. Det viser seg at Vipps for bedrift er lukka for alle under 15 år. Det må vera ein person ein vippsar til når det er snakk om til dømes juleball.</p> <p><b>Klassetur for tiande trinn:</b> Når det gjeld klasseturen i tiande, blir budsjettet planlagt for skuleåret 2023, men ikkje vedtatt før i desember. Dette gjer det vanskeleg å planleggja for skulen. Skulen ønskjer at det blir lagt ein tre-årsplan der me veit om det blir klassetur, i kva omfang me snakkar om og kva type tur det blir. I tillegg kunne me ønskt å hatt denne turen på hausten for å styrka klassemiljøet. Det ser ut som me må tenkja ein tur i mars, for seinare kan det bli vanskeleg på grunn av eksamen .</p>
Saker som skal følgjast opp	<p><b>Helsesjukepleiarsituasjonen:</b> Me må følgja opp denne saka slik at det skjer ei endring og me har det me skal ha av tilbod.</p> <p><b>Romsituasjonen:</b> FAU-leiar Jimmy Håkonsund ønskjer å vera med på runden 7. november. Me tenkjer også at verneombodet bør vera med. Rektor</p>

	<p>sender melding til dei involverte og spør om det er greitt. FAU ønskjer også eit skriv der utfordringane våre blir lista opp.</p> <p><b>Utanomhusplan:</b> Rektor tar kontakt med nokon som kan gje tips og råd om korleis me kan laga ein utanomhusplan. Elevrådet kjem med ei liste over kva dei ønskjer ute før neste FAU-møte. FAU jobbar med dette på neste møte. Elevrådet og FAU kan også levera inn eit skriv til budsjettet om leikeapparat. Frå november til desember er det mogeleg å gje innspel.</p> <p><b>Vipps-situasjonen:</b> Dette må skulen sjå nærare på og finna ut korleis me skal løysa.</p> <p><b>Straumsituasjonen:</b> Det er ønske om at det blir sett opp målarar i klasseromma for å sjekka temperaturen. Dette tar skulen tak i.</p>
	<p><b>Nytt møte:</b> 17. januar klokka 18.00, stort møterom loftet</p>

Med helsing

Anne Hufthammer  
rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur